



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune  
Postboks 4,  
5906 FREKHAUG

Vår ref.: 08-5/22-LET

Dykkar ref.: 20/1094 – 22/49421

Dato: 29.08.2022


## **HØYRINGSINNSPEL FRILUFTSLIV – DETALJREGULERING FOR SNEKKEVIKA – OFFENTLEG ETTERSYN OG HØYRING, ALVER KOMMUNE**

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) forvaltar over 30 friluftsområde i Alver kommune, på vegne av og i samarbeid med kommunen.

*Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområde i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 12 deltakarkommunar: Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy, Samnanger, Tysnes, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar nærare 258 friluftsområde med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå deltakarkommunane.*

I samband med denne planen vil BOF spele inn forslaget om, at Snekkevika friluftsområdet vert sikra med tilkomstveg (ein korridor langs dagens sti/turveg) og offentleg parkeringsplass m/ handikap-plassar, slik som (delvis) synt på kartet i planforslaget (fig. 1). BOF oppfordrar til at det må bety innløyning av arealet, slik at enten Alver kommune eller BOF står som grunneigar, og kan utvikle arealet som eit offentleg, statleg sikra friluftslivsområde. BOF meiner dette vil styrkje dei ålmenne interesser, samt styrkje kvalitetane til den ønska næringsutviklinga i nærområdet (med hytteområde, naust, småbåthamn, etc.).

BOF meiner ei slik løysing, om mogleg, bør vere eit vilkår (rekkjefølgjekrav) i planarbeidet. Det bør vere forslagsstillar sitt bidrag (ansvar) å få sikra arealet mot grunneigar, samt bidra med investeringskostnadar til basistilretteleggingstiltak innan friluftsliv, som utbetring av tilkomstveg og parkeringsplass-areal, bygging av utetoalett, universelt utforma flytebyggjeanlegg (UU-anlegg), gapahuk, stupebrett, og/eller tilsvarande installasjonar som typisk er å finne i eit off. friluftsområde.



Figur 12: Plankart.

Fig. 1: Kart henta frå dokumentet «Planskildring – Reguleringsplan for Snekkevika».

Med venleg helsing  
Bergen og Omland Friluftsråd



Dag Seter  
Administrativ leiar

Lars Torgilsteit  
Driftsplanleggjar